


Bok på 1-2-3

Jenta som flytta eit fjell

Frå Gullfalken – Ni nye eventyr av Erna Osland

Illustrert av Inger Sandved Anfinsen



Tverrfagleg opplegg i norsk og musikk for 5.–7. trinnet. Med tilpassingar høver opplegget opp til 10. trinnet, i vidaregåande opplæring, og i arbeid med norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk. Opplegget fell inn under arbeid med verdigrunnlaget i opplæringa; menneskeverdet, identitet og kulturelt mangfald, skaparglede, engasjement og utforskarkrong.

Tid: 90 minutt +

Gullfalken er ei samling med ni tidlause forteljingar av Erna Osland. I dette opplegget tek vi utgangspunkt i historia «Jenta som flytta eit fjell».

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med nett og prosjektør. Finne fram teksten.
- Songtekstar og song

Formål

etter læreplanen frå 2020

Norsk

- Lese lyrikk, noveller, fagtekstar og annan skjønnlitteratur på nynorsk, og samtale om formål, form og innhald.
- Bruke lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga.
- Beskrive, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål.
- Prøve ut skriftlege tekstar på sidemålet nynorsk.
- Utforske og reflektere over samanhengen mellom språk og identitet.

Musikk

- Reflektere over korleis musikk kan spele ulike roller for utvikling av individ og gruppeidentitet.
- Utvikle eit repertoar av musikk, song, andre vokaluttrykk og dans frå samtida og historia.
- Utforske og drøfte korleis musikken frå fortida påverkar dagens musikk.
- Utforske og formidle musikalske opplevelingar og erfaringar.

1 Før lesing (5 minutt)

TILPASS OG FORKLAR ELEVEN: *Gullfalken – Ni nye eventyr* av Erna Osland er ei samling med ni tidlause fablar, eventyr og mektige forteljingar som går føre seg ulike stader i verda.

Ein fabel = ei kort forteljing med eit moralsk poeng. Dyr, plantar eller omgrep kan få menneskelege eigenskapar (besjeling). Det er ei utruleg historie. Fabelen har ofte eit plott og eit samandrag.

Eit eventyr = Kjem av det latinske ordet *adventura*; ei underfull hending. Det er korte, oppdikta forteljingar som skjer i eit magisk univers.

Dyr og element frå naturen utgjer bakteppe i historiene, og heltane er barn og ungdomar som ved hjelp av vennskap og omsorg kjem sigrande ut av konfliktane som oppstår.

Boka er full av farlege og spanande hendingar der både liv og helse blir sett på prøve. Namna på figurane, omgjevnadane, illustrasjonane og fargebruken gir ei noko eksotisk stemning.

Vi finn mange referansar til vår eiga tid, og forteljingane kan tolkast på fleire nivå. Dette undervisningsopplegget tek utgangspunkt i «Jenta som flytta eit fjell». Den historia handlar om ein gammal, blind mann som finn eit barn i ei steinur.

Sei: No skal de få høyre kva som skjer.

2 Lesing (20 minutt)

Vi les og opplever forteljinga «Jenta som flytta eit fjell» frå start til slutt.

3 Etter lesinga (20 minutt)

No skal elevane arbeide med å finne fram til dramaturgien i forteljinga. Dramaturgi er i denne sammenhengen i eit tekstoperspektiv, og då korleis teksten er bygt opp og strukturert.

Arbeid i grupper eller med ein lesepartnar før de legg fram i plenum.

Finn fram til kategoriane

Start	Midtdel	Slutt
Anslag:	Opptrapping:	Konfliktløysing:
Presentasjon:	Vendepunkt: Klimaks:	Avslutning:

4 Aktivitet (45 minutt +)

Song er eit sentralt element i forteljinga. Ein fin måte å fordjupe seg vidare er å øve inn ein eller fleire songar. Dei kan de gjerne arbeide med fram mot ei framsyning.

Tilpass om heile klassen skal øve inn ein eller fleire songar i lag, i grupper eller individuelt, og om framføringa skal gjerast a cappella, i samspel, eller saman med innspelingar som er tilgjengelege.

Det er føremålstenleg at alle elevane vert kjende med og ser heilskapen i songdøma knytte til dei fire eigenskapane modig, trufast, tapper og kjærleik.

Fortel: Song er tonar som kjem fram av det menneskelege stemmeorganet. Truleg er song den mest allmennmenneskelege forma for musikalisk aktivitet, og song er utbreidd i alle kulturar.

Musikk er ei kunstform som brukar lyd organisert i tid til å skape rike opplevingar gjennom lytting, dans eller framføring.

Det finst eit mangfold av musikalske former, stilartar og sjangrar i ulike kulturar og subkulturar over heile verda.

Framføring skjer gjennom vokalteknikkar som song og rap og gjennom uteljelege musikkinstrument.

Ulike kulturar har ulike omgrep for musikk.

Ei hymne (etter Den greske antikken) var ein enkel, høgstemt song til gudar eller menneske sin pris.

Folkesong er folkeleg song med munnleg overlevert melodi (jamfør med folkemelodi og folkedikting).

Sei: No skal vi føre saman folketradisjon og samtid i fire songar med bodskap frå forteljinga «Jenta som flytta fjell»:

Oppvarming

Det er viktig å varme opp stemma og kroppen når ein skal arbeide med stemme og vokal:

<https://hats.no/teoripakke/side/film-stemmeoppvarming>

4 Lytt, lær, syng og spel

Ein song om å aldri gi opp

Så lang er vegen

TEKST OG MELODI: Lillian Samdal

Så mange fjell som me skal over
Så mange vatn me skal rundt
Så mange elvar me lyt krysse
Så lang er vegen

Så mange åsar me når over
Så mange dalar me skal langs
Så mange skører me lyt klyve
Så lang er vegen

Så mange myrar me må trakke
Så mange sletter me kan gå
Så mange børar me kan springe
Så lang er vegen

Så mange steinar me kan bykse
Så mange tuer me kan trå
Så mange tankar me kan bere
Så lang er vegen

4 Lytt, lær, syng og spel

Ein song om å vere modig

Lær meg å leve

TEKST OG MELODI: Synne Vo

Går du utan å vite kvar du skal?
Trår du forsiktig, unngår kvart eit fall?
Går du i blinde?
Eller følgjer du eit kall?

Når du kjem til eit kryss der vegen skiljer seg
Er du usikker på, kva du da skal ta for deg?
Lagar du eigen sti?
Eller tek du den enklaste veg?

Nyt du her og nå
Denne reisa du er på?
Eller lar du ikkje ver å sjå
Fram i tid?

Lær meg å leve
Lær meg å leve
Lær meg å få dette til, leve slik eg vil
Lær meg å leve, lær meg å leve

Vel du utan å vite kva du vil?
Gjer du det du ikkje kan få til?
Følgjer du straumen?
Eller, går du deg vill?

ref.

Lær meg å leve
Fortel meg
Lær meg å leve
Lær å bli meg

Lær meg å leve
Lær meg å leve
Lær meg å få dette til, leve slik eg vil
Lær meg å leve
Lær meg å leve
Lær meg å gjere noko riktig, gjere noko viktig
Lær meg å leve, lær meg å leve

4 Lytt, lær, syng og spel

Ein song om å vere trufast

Bestevenn

TEKST OG MELODI: Odd Nordstoga

Det er eit ljós der ute
som du ser frå der du bur
Når du er redd og er aleine
då er det ikkje slik du trur
Det er 'kje slik at ingen har ein tanke for ein liten
som ligg der så aleine og er redd
og lengtar fram mot morgonen til ljós og vind og vêr
og skrämast av det mørke store skumle

Og det er 'kje slik at du ikkje har ein bestevenn
Det er 'kje slik at du ikkje har ein bestevenn

Det er eit ljós der ute
som mitt auga kviler på
Når det knuser imot stranda
men du ingenting kan sjå
Det er 'kje slik at ingen andre også då er liten
for havet knuser sjølv det harde fjell
Men ute der så sveiper det eit ljós for meg og deg
og viser heim og til dei stille havner

Og det er 'kje slik at du ikkje har ein bestevenn
Det er 'kje slik at du ikkje har ein bestevenn

Ser du gjerdet, gå til grinda
Ser du døra, kom no inn då
Ser du trappa, ta eit trinn
Kom no inn!

4 Lytt, lær, syng og spel

Ein song om kjærleik

Fordi eg elskar deg

TEKST OG MELODI: Bob Dylan, til norsk ved Bjarte Hjelmeland

Når regnet slår i mot deg der du går
og du ikkje veit di arme råd
Då vil eg halde deg i tusen år
fordi eg elskar deg

Når alle nattas stjerner viser seg
og ingen er der for å trøste deg
då skal du alltid ha ein heim hjå meg
fordi eg elskar deg

Eg veit du ikkje har bestemt deg,
men eg lar deg ta den tid du vil
For eg forstod heilt frå begynnelsen
Det er hjå meg du høyrer til

Eg ofrar hørsel eller syn for deg
Eg kryp naken gjennom by for deg
Ingen kraft på jord kan hindre meg
Fordi eg elskar deg

No rasar stormen over open hav
Og gjennom sorg sin mørke skog
Framtidas vind vil blåse himlen klar
Alt skal bli mykje betre enn du trur

Eg vil sjå deg lykkeleg, vil sjå deg glad
Gje deg alt det som du helst vil ha
Alt du har drømt om skal bli av ein dag
Fordi eg elskar deg

5 Tilleggsressursar og kjelder

Ressursen inviterer også til aktivitetar kring til dømes kontrastiv lese- og skriveopplæring, kreativ skriving, dramatisering, og kunst og handverk (teikning, akvarell, foto).

Om fleirspråklege forteljingar: <https://issuu.com/arildto/docs/blad33?e=2891840/66480014>

Ressursar om kreativ skriving: <https://nynorsksenteret.no/sok/resultat?q=kreativ+skriving>

Musikk, rim og dikt: <https://nynorsksenteret.no/barneskule/musikk-rim-og-dikt>

Å syngje seg til språk: <https://nynorsksenteret.no/blogg/a-syngje-seg-til-sprak>

Musikkressursar og spelelister: <https://nynorsksenteret.no/ungdomsskule/musikk>

Kunst og handverk:

Silhuett med bakgrunn: <https://kunstkultursenteret.no/ressursbase/silhuett-bakgrunn/>

Kunst i natur: <https://www.youtube.com/watch?v=XN39ehW5zXE>

Kjelder:

Store Norske Leksikon: Song

Store Norske Leksikon: Musikk

Store Norske Leksikon: Hymne

Store Norske Leksikon: Dramaturgi

Det Norske Akademis Ordbok (NAOB): Folkesang